

Til kamp for foreldra

Ho har bitre erfaringar med barnevernet, og meiner at tre av fire barnevernsborn aldri burde vorte tekne frå foreldra. No rustar ho seg til kamp.

BARNEVERN. – Dette er noko eg vaknar opp med og legg meg til. Eg har ei opa sorg i meg 24 timar i døgnet. I staden for å vere sint eller gje opp, ønskjer eg å engasjere meg konstruktivt. Det har eg no gjort, seier Berit Aarset frå Dimna i Ulstein.

Aarset er den første leiaren for den nystarta landsdekkjande organisasjonen HRA-N (Human Rights Alert – Norway). Fokuset er på FN sin barnekonvensjon, dei europeiske menneskerettskonvensjonane og rettstryggleiken for born og foreldre.

– På 15 år har 121.000 norske born vorte tvangsflytta frå heime sine. Berre i fjor vart over 11.000 born tekne frå foreldra sine. Dette er enorme tal, og bak dei enkelte sakene skjuler det seg masse sorg og store tragediar.

– I kjølvatnet av alle tvangsplasserte barn under 18 år sit knuste familiar tilbake. Vi ønskjer å vere eit talerør for dei som vert råka av vedtaka til barnevernet, seier Aarset.

Bok. Den nye leiaren var sjølv fostermor til ei jente som vart fråteken barnet. Opplevingane

Å hamne i barnevernsaker er som å kjempe mot Goliat

BERIT AARSET



LEIAR. Berit Aarset vert første leiaren i ein nasjonal organisasjon som har som mål å hjelpe offer for barnevernsinngrep.

resulterte i 2007 til boka «Makt- overgrep og justismord. Barnevernet hjelper eller fiende?»

– Som adoptivmor fekk eg sjølv smerteleg oppleve kor lite ein har å stille opp med når barnevernet kjem med heile sitt apparat.

– Å hamne i barnevernsaker er som å kjempe mot Goliat. I slike saker har barnevernet ofte sterk støtte i det kommunale og statlege maktapparatet, seier Aarset.

Ho viser til at i straffesaker vert ein dømde etter bevis, men barnevernsaker er sivilsaker der ein må motbevise det barnevernet påstår i sine notat.

– Desse notata er skrivne av barnevernspeagogar og sosionomar utan offentleg godkjenning og som dermed heller ikkje er underlagt lov om helsepersonell. Dei har dermed ikkje noko å miste, same kva dei skriv, seier Aarset, som sjølv er utdanna sjukepleiar.

Sorggrupper. Organisasjonen har skrivne fleire høyringsfråsegner, men det første store målet er å starta sorg- og sjølvhjelpsgrupper over heile landet.

– Mange opplever stor sorg og trauma på grunn av at borna vert tekne frå dei. Mange opplever også å sjå at borna størjer og vil

heim, utan å få lov til det. Barnevernsinngrepa fører i mange tilfelle til at born og foreldre lever i ei opa sorg og permanent krise over mange år.

– Det er stort behov for grupper der dei med lang erfaring i å vere biologisk familie i ei barnevernssak kan gje av sin kunnskap til dei med nye erfaringar.

Tilbakeføring. Aarset meiner at det i altfor liten grad vert satsa midlar på tiltak som kan hjelpe foreldra, slik at tvangsplassering av born ikkje vert aktuelt.

– Det finst reelle barnevernsaker der det er rett å ta vekk eit barn. Men i altfor liten grad vert

det satsa på å følgje foreldre opp, seier Aarset som også viser til at etter barnevernslova skal ei plassering utanfor heimen ha tilbakeføring til heimen som mål.

– Dette er også noko den europeiske menneskerettsdomstolen har framheva i fleire domar, men som i liten grad er vektlagd i norsk rettspraksis, seier Aarset.

Leiaren i den nye organisasjonen reknar ikkje med at ho vert særleg populær i barnevernskrinsar.

– Nei, det ha eg alt merka, men dette er noko eg uansett kjem til å arbeide med for fullt, seier ho.

KJETIL HAANES
kjetil.haanes@smp.no



www.aalesundbil.no

Ålesund Bil | Lerstadveien 542 | Tlf: 70175480 | Fax: 70175481



HAR DU EN VOLVO FRA FORRIGE ÅRHUNDRE?

Da betaler du kun **70%** av normal pris på verkstedarbeid og deler hos Ålesund Bil.



Tilbudet gjelder hele vårt 70-års jubileumsår. Gjelder 2000-modeller og eldre. Tilbudet gjelder hele 2010. Rabatten gjelder ikke i tillegg til andre tilbudskampanjer.

1940 - 1977

Automobilagenturet

1978 - 1981

Norvest Auto A/S

1982-1985

Norvest Auto Ålesund A/S

1986 - 1992

Vinco

1993 - d.d

ålesund bil
HVER GANG